

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2021/1845**2024/EØS/46/26****av 20. oktober 2021**

om endring av avgjerd (EU) 2017/175 med omsyn til det tidsrommet som kriteria for tildeling av EU-miljømerket til overnattingsstader og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for

[meld under nummeret C (2021) 7427]()*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Forordning (EF) nr. 66/2010 fastset at EU-miljømerket kan tildelast produkt som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin. Det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 2) Ved avgjerd (EU) 2017/175⁽²⁾ fastsette Kommisjonen kriteria for tildeling av EU-miljømerket til produktgruppa «overnattingsstader». Det tidsrommet som desse kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, går ut 26. januar 2022.
- 3) I tråd med konklusjonane frå dupleikskontrollen av EU-miljømerket av 30. juni 2017⁽³⁾ har Kommisjonen saman med Utvalet for miljømerking i EU vurdert og stadfesta at produktgruppa «overnattingsstader» er relevant, og at dei eksisterande kriteria for tildeling av EU-miljømerket til denne produktgruppa og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll, er relevante og føremålstenlege.
- 4) I tråd med konklusjonane frå dupleikskontrollen av EU-miljømerket av 30. juni 2017 prioriterer Kommisjonen saman med Utvalet for miljømerking i EU gjennomføring av ei rekkje tiltak for å auke bruken av EU-miljømerket for denne produktgruppa og fremje det som ein verdifull reiskap for ei berekraftig gjenreising.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 376 av 22.10.2021, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 20/2022 av 4. februar 2022 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 30.6.2022, s. 31.

(1) TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

(2) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/175 av 25. januar 2017 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til overnattingsstader (TEU L 28 av 2.2.2017, s. 9).

(3) Kommisjonen sin rapport til Europaparlamentet og Rådet om revisjonen av gjennomføringa av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket (COM(2017) 355 final).

- 5) Det tidsrommet som EU-miljømerkekriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i avgjerd (EU) 2017/175, skal gjelde for, bør difor lengjast slik at Kommisjonen kan revidere denne produktgruppa straks denne sektoren løftar seg att.
- 6) Lenginga bør vere tilstrekkeleg til at revisjonsprosessen kan fullførast og det kan gjevast eit påliteleg perspektiv som skapar kontinuitet i marknaden for eksisterande og framtidige lisensinnehavarar, som i mellomtida kan behalde føremonene ved EU-miljømerket for dei produkta som er tildelte merket.
- 7) Avgjerd (EU) 2017/175 bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Artikkel 6 i avgjerd (EU) 2017/175 skal lyde:

«Artikkel 6

Kriteria for tildeling av EU-miljømerket til produktgruppa «overnattingsstader» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 30. juni 2025.»

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 20. oktober 2021.

For Kommisjonen

Virginijus SINKEVIČIUS

Medlem av Kommisjonen
